



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for næring, kultur og idrett
Stad:	Herøy rådhus, Møterom 1. etasje
Dato:	15.10.2018
Tid:	17:30 – 19:15

Medlemer som møtte:

Stig Arne Helsem Sævik	Leder	H
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Gerd Kopperstad	Medlem	AP

Forfall:

Janne-Katrin Hansen Sævik	MEDL	H
Hilde Marie Brungot	MEDL	H
Knut Johan Voldsund	NESTL	FRP
Bjarne Kvalsvik	MEDL	FOLK/SP

Varamedlemer som møtte:

Joakim Eiksund	Hilde Marie Brungot	H
Dag Johan Flattun	Knut Johan Voldsund	KRF

Andre:

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:
Gerd Kopperstad og Dag J. Flattun

Skriv delt ut i møte:

Tilskot frå kommunalt næringsfond – Lizel AS

Gerd Kopperstad

Stig Arne Helsem Sævik
underskrifter

Dag Johan Flattun

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 39/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 40/18	Protokoll frå førre møte
PS 41/18	Tertialrapport per 01.09.2018.
PS 42/18	Budsjettkontroll per 31.08.2018
PS 43/18	Kulturmidlar 2018 - innsparing
PS 44/18	Forslag om skulptur i Herøy kommune
PS 45/18	Tilskot frå kommunalt næringsfond - Lizel

PS 39/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

Medlemene hadde ikkje mottatt sak 45/18. Nettbretta til kommunen fungerer ikkje etter hensikta, får ikkje opp innkallinga. Etterlyser nødvendig oppdatering av maskinvare.

PS 40/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre

PS 41/18 TERTIALRAPPORT PER 01.09.2018.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 15.10.2018

Tertialrapporten per 01.09.2018 vert godkjend.

PS 42/18 BUDSJETTKONTROLL PER 31.08.2018

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 15.10.2018

1. Kommunestyret er uroleg for den økonomiske situasjonen i 2018 og vil på nytt be om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.
2. Kommunestyret vil også be om at det vert gjennomført ei streng prioritering når det gjeld kjøp av varer og tenester.

PS 43/18 KULTURMIDLAR 2018 - INNSPARING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken med slikt tillegg:
Søkjar vert oppmoda om å søkje på nytt i 2019

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 15.10.2018

I lys av kommunens økonomiske situasjon og krav til innsparing vert det ikkje gjort vedtak om tildeling av ytterligere kulturtilskot i 2018.

Søkjar vert oppmoda om å søkje på nytt i 2019

PS 44/18 FORSLAG OM SKULPTUR I HERØY KOMMUNE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 15.10.2018

Herøy kommune takkar ja til kunstverket «Tidal Sculpture» av Arild Våge Berge med utgangspunkt i at det vil tilføre kommunen fleire offentlege kunstverk og meir kunstnarisk mangfald.

Kunstverket vert føreslått plassert i/ved sentrumog administrasjonen gis i oppgåve å utrede moglegheitene for plassering med grunneigarar/interessentar og kunstnaren i det aktuelle området.

Kunstverket vert etablert og opna i 2019.

PS 45/18 TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND - LIZEL

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 15.10.2018

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på inntil kr.100.000,- frå det kommunale næringsfondet til Lizel AS til marknadsføring, innkjøp av EDB- og fotoutstyr og innreiing av lokale i Fosnavåg.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2019. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakaren må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av kommunale næringsfond og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

MØTET SLUTT!